

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

### Åpen time

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag til uttale til kommunal og moderniseringsdepartementet og kommunalministeren:

#### «Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV.

Det vert synt til SVV sitt forslag til statleg kommunedelplan for prosjektet «Hordfast» på E39, som er oversendt kommunaldepartementet for endeleg godkjenning.

Hordaland fylkeskommune sine innspel i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet.

Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.

Høyringsinnspelet følger som vedlegg.»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna. Saka vert sett på sakslista som ny sak utan saksframlegg.